



Arkivnr: 2017/2247-5

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

**Delegert saksframlegg**

---

**Fylkesrådmannen etter fullmakt**

## **Låneopptak 2017 - II**

### **Samandrag**

Til finansiering av deler av budsjetterte investeringar i 2017 vert det teke opp eit 3-månaders sertifikatlån på 209 mill. kr. Renta er 0,775 %. Lånet vil bli innfridd i desember. Lånesummen er tilpassa det som står igjen å betale av budsjetterte avdrag i 2017.

### **Vedtak**

Det vert teke opp eit 3-månaders sertifikatlån på 209 mill. kr, tilrettelagt av SEB Merchant Banking. Renta er 0,775 %.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 20.09.2017**

I opphavleg budsjett for 2017 var det budsjettert med bruk av 1 246,3 mill. kr i lån til finansiering av investeringar. Behovet for låneopptak i 2017 ser ut til å bli litt lågare enn dette. I tertialrapporten som vert lagt fram for fylkestinget i oktober, vert det rådd til å redusere budsjettert låneopptak med 58,5 mill. kr.

Tidlegare i år er det teke opp eitt nytt lån på 440 mill. kr. Det står att å ta opp lån på ca. 700 mill. kr.

Det er budsjettert med avdrag på 509 mill. kr. Eit lån i Kommunalbanken på 300 mill. kr har forfall i november. Dette lånet vil bli innfridd og ført som avdrag. Det står då igjen å betale 209 mill. kr i avdrag.

Fylkesrådmannen går inn for at det no vert teke opp eit 3 månaders sertifikatlån på 209 mill. kr. Dette lånet kan ein innfri fullt ut i desember, og ein har dermed betalt den budsjetterte avdragssummen.

Bergen Capital Management har i dag gjennomført anbudsrunde for fylkeskommunen. Det kom inn slike tilbod:

SEB Merchant Banking	0,775 %
Kommunalbanken	0,801 %
DNB Markets	0,864 %
Nordea Markets	0,885 %
Sparebank 1 Markets	0,920 %
Danske Bank Markets	0,970 %

SEB Merchant Banking hadde det klart lågaste bodet med 0,775 %.

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå SEB Merchant Banking til 0,775 % rente.